




ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPEL



SANDNES KYRKJE




AUSTAD KYRKJE

Kyrkjebladet

FOR BYGLAND

Nr. 1 - 2025 - 82. årgang



Vintersol over Stuvestølheii - Foto: Frank Egil Reise

Dette kan du lese om i Kyrkjebladet:

*Andakt • Det er dei beste som dør • Fasteaksjonen
Familiegudsteneste • Gospelgudsteneste og årsfest • Inspirasjonskveld
Vår nye organist • Byglandsfjord barnekor*

Andakt ved Janne Theodora Wikstøl:

Det er i han vi lever!

Jeg skal fortelle litt fra mitt eget liv og min tro, og jeg ønsker å fokusere på en ting som har vært spesielt i fokus i mitt liv de siste to årene: Linken mellom mitt Guds bilde og verdens bildet.

Altså hvordan jeg forstår hvem Gud er, hvordan jeg forstår verden og relasjonen mellom disse.

Min generasjon er preget av et ekstremt negativt verdensbilde. Helt fra jeg var liten har jeg levd tett på sekulariseringen av Norge, parallelt med forskning og nyheter som snakker om global oppvarming, at biene dør ut, og at havet stiger. I alle narrativene blir det uttrykt at disse negative forandringene i verden i stor grad er menneskers feil, fordi vi har behandlet jorden dårlig og vært grådige.

Sekulariseringen

Dette har ført til at jeg har fått et utrolig pessimistisk syn på verden og menneskeheten, samtidig som sekulariseringen har ført til et samfunn uten håp i det overnaturlige. Vi har fått vite at livet på jorden bare blir verre, med mer ekstremvær, dårligere ozonlag, og et økosystem kollaps fordi dyr og insekter dør ut. Denne kombinasjonen gjør at når jeg har sett for meg framtiden har jeg kun sett krig over mangel på resurser og en økning av klimaflyktninger uten noe håp om at ting kan blir bedre.

Midt oppi dette utrolig negative verdensbildet har jeg prøvd å få Gud til å passe inn, og jeg har slitt så mye med å forstå Gud, hva han ønsker, og hva han vil ha av meg. Og jeg har dømt Gud ut fra hvordan jeg har forstått verden, og syns han var både slem og urettferdig. Så selv om jeg

alltid har trodd på Gud har vår relasjon ikke vært særlig hyggelig.

Jo eldre jeg ble jo mer pessimistisk og deprimert ble jeg over å leve i denne virkeligheten uten håp for framtiden, og valgte å reise til et kristent retreat senter på landsbygda i England som heter Labri. I de månedene jeg var der, adskilt fra min vanlige hverdag, opplevde jeg å få flere åpenbaringer.

Jeg trodde på deisme

Den første åpenbaringen var at jeg i praksis trodde på deisme. At Gud skapte verden for så å trekke seg ut, og la verden bare gå sin gang. Jeg tenkte at intensjonen kanskje var god, men at resultatet var veldig dårlig. Jeg trodde i praksis at Gud ikke var tilstede i verden, men at alt var mekanisk og konsekvenser av handlinger. Denne åpenbaringen kom som et sjokk på meg, fordi jeg har vokst opp som en kristen og hatt en form for relasjon med Gud hele livet. Men da forsto jeg at det er forskjell på hva man kan i teorien og i bevisstheten og hva som skjer i praksis og underbevisstheten.

Jeg kjente med en gang at jeg ikke vil leve med en deistisk tro, der jeg dømmer Gud etter hvordan jeg forstår verden. Jeg vil heller komme til en plass i troen der jeg dømmer verden ut fra hvordan jeg forstår Gud. For å få det til forsto jeg fort at jeg må gjøre en jobb og bli skikkelig kjent med Gud og hans karakter fra den beste kilden vi har, nemlig Bibelen. Jeg måtte legge ned tid og gi Gud en sjanse til å vise hvordan han egentlig er og ikke bare gi han karaktertrekk som jeg følte passet han ut fra hvordan jeg opplevde skaperverket hans.

Vi finner masse i bibelen som beskriver hvordan Gud er, og som



en jente i denne verden har det vært veldig definerende for meg og min identitet å lære mer om min relasjon til Gud som pappa og jeg som hans datter.

Gud er en pappa

I Matteus 4:48 kan vi lese at vår far i himmelen er fullkommen. Vi vet at Gud forsørger oss gjennom å lese Matteus 6:25-34, der det blir beskrevet at Gud sørger for fuglene, gir næring til liljene på jordene og kler dem vakkert, hvor mye mer skal han ikke da ta vare på oss som er barna hans.

Gud er en pappa som er interessert i oss og hører på oss når vi prater til han: Jeremia 29:12 - når dere kaller på meg og kommer for å be til meg, vil jeg høre på dere.

Gud er rett der med deg, og han er så fornøyd med deg at han fryder seg over deg: Sefanja: 3:17- Herren din Gud er hos deg, en helt som frelses. Han fryder og gleder seg over deg og viser på ny sin kjærlighet, han jubler over deg med fryd.

Gud bryr seg genuint om hva vi bryr oss om, og gir oss trøst: 2. korinter brev 1:3 - lovet være Gud, vår Herre Jesu Kristi, den far som er rik på barmhjertighet, vår Gud som

gir all trøst. Han trøster oss i all vår nød.

Med forståelsen disse bibelversene gir meg om Guds karakter fikk jeg ressursene til å aktivt ta et standpunkt mot den deistiske tankegangen. Videre gikk jobben med å føre Gud tilbake i min verdensforståelse. Da har det vært veldig hjelpsomt for meg å finne plassene i bibelen som snakker om hvor Gud må være fysisk tilstede i verden for at liv skal være mulig. Et eksempel er den fysiske pusten vår og vi finner flere plasser i bibelen som beskriver at Gud gir oss pust.

Vi kan lese at Gud aktivt og i nåtid gir oss pust i Jesaja 42:5 - så sier Herren som skapte himmelen, som spende den ut, som bredte ut jorden og alt som spirer der, som GIR pust til folket på jorden.

I Apostlenes gjerninger 17:25 står det: det er jo han som GIR liv og ånde, ja alt til alle.

I Job 33:4 - Ånden fra Gud har laget meg, Den veldiges pust GIR meg liv. Og tilslutt i Job 27:3 - så lenge det er livsånd i meg, pust fra Gud i min nese.

Gir pust i nåtid

Grammatikken i disse bibelversene peker på at Gud skapte i fortid, men gir pust i nåtid. Gud er pusten i våre lunger, han holder oss i live gjennom hvert åndedrett vi tar. Han er her og han er praktisk, ikke bare svevende og åndelig, men fysisk tilstede hele tiden for å holde oss i live.

I tillegg til å være pusten i våre lunger, finner vi flere plasser som beskriver at Gud holder verden i gang, og at uten Guds involvering ville liv stoppet.

Det er i han vi lever!

I Kolosserne 1:17 kan vi lese at han er før alt og i han blir alt holdt sammen. Og i Apostlenes gjerninger 17:28 - For det er i han vi lever, beveger oss og er til.

Dette snakker tydelig imot at Gud ikke er tilstede, og at verden bare er mekanisk. Med denne Guds-

Kyrkjebladet for 50 år siden - 1975

7. Bud

Du skal ikke stjele

Absolutt ærlighet når det gjelder omgang med andres eiendom hører visst til de egenskaper som sent kommer til full utvikling i mennesket. Ordet «stjele» har en altfor begrenset mening blant folk flest. Det henger nok mye igjen av de primitive stammers oppfatning at det bare er skam å stjele hvis det blir oppdaget.

Derfor kan vår samvittighet her lett bli frynsete: «Det kan jo ikke være så nøye». Og så fortrenger vi både det ene og det andre som vi ville skamme oss over om folk visste det. Men vi må betale for det. For den uro i sinnet og den mangel på fred og velsignelse som en slik uærlighet gir, ødelegger for langt større verdier enn det vi tilvendte oss. Hvordan er det med redskap og materialer som er betrodd deg? Stjeler du noe av den tiden som andre betaler? O.s.v., O.s.v.

Profeten Malakias taler også om «å stjele fra Gud»? Og da de forbausest spør hvordan det kan gå til, svarer han: «Fiendene! Du gir ikke til Guds arbeide det Han venter av deg, —— minst 10% av din nettoinntekt! Da har du nok igjen til å erfare sannheten av ordet: «Gi, så skal eder gis», og «Det er Guds velsignelse som gjør rik».

Einar Lundby

Årets konfirmantar

Ardal:

Vidar Vestøl
Anund Faremo
Aina Homdrum
Torbjørg Breive
Margit Løyland
Oddbjørg Neset

Bygland:

Gunnar Birger Attestog
Olav Straume
Aslaug Haugå
Torild Haustreis
Valborg Attestog
Austad:

Dag Ose
Knut Austad

Tove Doris Langeid

Gudrun Arneberg

Astrid Hegland

Vi er nå eit godt stykke ute i lesetida, og eg kan seie forvisst at det er ein fin og gild flokk. Lat oss minnast desse unge, ikkje bare i våre tankar og ynskje, men og i vår bøn.

KONFIRMASJONS DAGANE:

Bygland: sundag 11. mai

Austad: sundag 25. mai

Ardal: sundag 1. juni

forståelsen har jeg fått verktøy til å se verden i et annet lys. For hvis jeg har Gud som utgangspunkt til hvordan jeg forstår verden, er det plutselig plass til håp og det er plass til en framtid med glede og liv.

Verdensbildet blir anderledes

Når man tenker at ting ikke bare skjer fordi det er en konsekvens av noe annet, men fordi Gud som

Frå heim og kyrkje



BYGLAND

Døypte:

25/12-74: Øyvind Soltveit.

Ektevigde:

28/12-74: Leiv Arne Skogly og Frøydis Syrtveit

31/12-74: Kjell Johnny Lundtvit og Magnhild Nomeland.
Vigd i Solum.

Avlidne:

25/12-74: Anne Bygland, f. 16-2-1887

ARDAL

Døypte:

1/1: Bente Strandmyr

1/1: Birgit Aandstad. Døypt i Banyo, Kamerun

Avlidne:

27/11-74: Gunstein Haugaa, f. 27-6-1889

30/11-74: Gunnar Torjusson Bakke, f. 5-1-1889

27/12-74: Sveinung Skjerverak, f. 24-8-23.

AUSTAD

Avlidne:

25/12-74: Aasmund Danielson Austad, f. 5-11-1886

20/1: Grunde Olsbu, f. 16-2-1887.

8/1: Birgit Grundesdtr. Austad, f. 5-3-1900.

Bygland Hornmusikk

takkar sokneråda ved alle fire kyrkjene for inntekta av ofringane under adventskonsertane. Til saman kom det inn kr. 1.320,-

Hornmusikken vil og takke for at så mange møtte fram ved desse musikkandaktene.

For Bygland Hornmusikk
Magnhild Rygg

REKNASKAPOVERSYN ÅRET 1974

Utligg 1974	4758.85
Innkome 1974	4386.32
Underskot 1974	372.53
Kassesum 1/1 1974	4078.76
I kasse og bank 31/12 1974	3706.23

Bygland 5/2-75
Anne Vollen

en kjærlig pappa aktivt er med i verden, da blir verdensbildet også annerledes. Gud er tilstede i hver soloppgang, hver glede og hver vanskelighet. Og selv om livet på jorden ikke er enkelt, og mennesker i generasjoner ikke har tatt de beste valgene for å ta vare på skaperverket, betyr ikke det at Gud ikke er god. Gud er god, og med fokuset på han og hans karakter har jeg fått verktøyene til også å se det gode i verden.

Det er dei beste som døyr

For 23 år sia, lille nytt-årsaften 2001, døydde bror min brått og uventa. Einar var ein triveleg kar, vensam og jovial, flink og nevenyttig.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Han var som namnet seier ein «einer» i alle ting! Han var min einaste bror, og eg har ikkje fleire sysken. Eg saknar han kvar dag!

På forsommaren i 2023 stogga eg ein morgon utanfor kyrkja i Grendi. Det hadde kome inn ei klage på vedlikehaldet av kyrkjegardene, avdi det ikkje var slått gras på ei stund.

Då fekk eg sjå ei ung jente som kom køyrande på ein svære traktorklyppar!

Det gjekk i stor fart, men det verka som om ho hadde full kontroll, og i løpet av kort tid var kyrkjegarden meir velstelt og nyslått enn den hadde vore på lang tid! Me veksla nokre ord, og ho fortalte at ho heitte Synne Maria. Elles virka ho heller noko smålåten. Dei flinkaste er ofte det. Eg tenkte med meg sjølv at maken til dugande jente hadde eg sjeldant sett!

Eg traff ho nokre få gonger seinare, men stadig vekk såg eg spora etter henne rundt om på kyrkjegardane som ho heldt så fint ved like heile sommaren!

Møte på Tveit

I fjor skulle eg ein fager sommardag opp ein tur til Tveit.

Der var Synne i fullt arbeid på kyrkjegarden, og det gjekk unna i stort tempo og med imponerande presisjon.

Då ho var ferdig tok me ein lengre prat, og denne gongen fortalte ho meg om framtidssplanane sine. Frå og med august skulle ho reise rundt i Noreg og klykke sauer, og



til vinteren planla ho same ærend til New Zealand. Med ein son som fleire gonger har vore på aurefiske på desse fagre øyene tykte eg dette var strålende nyhende! Så tala me om gardsdrift, og ho fortalte at ho hadde kjøpt seg ein gild gard på Ose. Me tala og om felles røter i Lyngdal, der både hennar mor og mi mor kjem frå - begge fødd og vakse opp på gard. Og om KVS Lyngdal, der både ho og den eine dottera mi hadde gått.

Men ho sa elles svært lite om seg sjølv.

Eit arbeidsjern

Men me veit at ho var eit arbeidsjern, at ho mestra alt som hadde med traktorar og maskiner å gjera, og ho og var ein kløpper med motorsaga. Det var aldri nei i hen-

nar munn når nokon spurde henne om hjelp.

Ho var særstak pliktoppfyllande og flink, omtenksam og sa aldri noko galt om andre.

Ho hadde mange vener, glimt i augo og godt humør.

Ja, ho var den beste og snillaste dottera ein kan få, og like vakker både inni og utanpå.

Og ho sette gode spor i mange menneske.

Det var noko med smilet hennar

Me avtalte at eg skulle skrive nokre linjer om henne i neste nummer av Kyrkjebladet, og eg tok nokre fine bilete av henne - sitjande på den store traktorklypparen. Av ein eller annan grunn vart Synne Maria sitjande fast på netthinna mi, og eg tenkte på henne kvar dag etter dette.

Fasteaksjonen 8. april 2025: Håp i ein dråpe vatn

Det var noko med smilet hennar, og med auga hennar som sa meg at ho kan hende hadde noko ho kjempa med. Olsok-kvelden var me ein stor flokk på gudsteneste i Sandnes kapell. Det var ein fin og varm sommarkveld, og mykje godtfolk samla seg etterpå nede på Kyrkjeneset.

Og her skrytte folk av Synne som hadde stelt så fint på kyrkjegarden.

Lite visste me då at litt lenger opp -på den andre sida av fjorden - var det berre nokre timar att før livet til denne unge kjekke jenta tok slutt.

Johannes 14.1-4

Nokre dagar etter at bror min vart gravlagt rett utpå nyåret i 2002, sat kona hans og den eine dottera saman og las frå Johannes 14.1-4 der det står:

«Lat ikkje hjartet dykkar uroast. Tru på Gud og tru på meg. I huset til far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går avstad for å gjera i stand ein stad til dykk?

Og når eg har gått og gjort klar ein stad for dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen.»

Då seier Diana på 11 år, med all den tru og all den innsikt som berre borna kan ha: «No var rommet til pappa klart, difor kunne Jesus koma og henta han heim».

Synne trudde på Jesus. Og då sto hennar himmelrom klart! Slik det gjer for alle som tek si tilflukt til han!

Savnet følgjer oss livet ut

Sorga og savnet etter våre kjære vil følgja oss livet ut. Og sjølv om eg ikkje kjende Synne Maria så godt fekk ho ein plass i hjarta mitt. Eg trur mange kjende det slik. Men døden er ikkje det siste, for han som gjer i stand eit himmelrom for oss har sigra over døden!

Me lyser fred over Synne Marias gode minne!



Familien til Prevencia (13 år) fekk tilgang til meir vatn og har difor klart å dyrke grønsaker midt i tørka. Kanskje kan Prevencia no få oppfylt draumen sin om å kunne dyrke nok mat til familien sin, og også kunne ha nok til å kjøpe seg skulebøker? Ved hjelp av ganske små dropar vatn og dryppirrigasjon kan det vokse planter. Prevencia fyller her vatn i bøttane, og vatnet vert ført ut gjennom vatnslangar fram til plantene.

Nær 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag, anten på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig; men det er håp.

Kjell Steinbru

Kirkens Nødhjelp arbeider både med akutt bistand i katastrofesituasjoner og langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom. Dei arbeider både for fred, rettferd, og for å redde liv.

Krigen i Gaza og Ukraina har prega nyhenda lenge. Samtidig gjeng det føre seg ei rekke store humanitære krisar som vi knapt hører om, slik

som til dømes krigen i Sudan. På toppen av dette ser vi nå dramatiske kutt i bistanden til verdens fattige frå den største bidragsytares av alle, nemleg USA.

No er det lett å bli motlaus. Men det er nettopp i desse dagar vi må samle alle gode krefter og gjere det vi kan for dei mest sårbare.

Gjennom fasteaksjonen samlar kyrkja inn pengar til det livsviktige arbeidet som gjer det mogeleg for Kirkens Nødhjelp å være til stades for millionar av menneske som treng det mest.

I fasteaksjonen samlar vi her i Bygland inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme negative ringverkna-



Her er nokre av konfirmantane klare til innsats. Frå venstre: Tage Alexander Kjetså, Åsne Moe, Jenny Feed Lunden, Ellinor Langhelle Åsen og Emilian Dale Eklund.

dane mangel på reint vatn har for eit menneske.

Årets aksjonsdag er tysdag 8. april 2025.

Konfirmantane vil denne dagen gjennom ulike tiltak samla inn penger til årets fasteaksjon.

Gåver kan sendast til vippsnr. 545689.

300 kroner er nok til å gje eit menneske reint, nok og kortreist vatn for resten av livet. Ein kan lesa meir om alt dette på nettsida: www.fasteaksjonen.no. Der finn ein mykje fin informasjon om formålet, og også fine videoar med mykje godt bakgrunnsstoff.

Fakta:

- Fasteaksjonen er Noregs nest største innsamlingsaksjon etter TV-aksjonen.

- Fasteaksjonen er ein tradisjon som strekker seg langt attende i tid. For over 50 år sidan bestemte kyrkjelydane i Noreg seg for å ha ein årleg innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

- Pengane som vert samla inn går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over hele verda. For kvar krone som vert samla inn kan dei hjelpe dei som treng det aller mest. Til saman har det gjennom over 50 år blitt samla inn om lag 1,75 milliardar kroner til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

- I 2024 samla dei inn 35 millionar kroner. Dette er svært viktige midlar som vert brukt til å redde liv og skape forandring i dei landa der dei arbeider.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatnprogram omfattar tilgang på

trygt og nært vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønnar og/eller vatnforsyningssettverk og bygging av vatnreservoar og vatntransport.

Mange kriser – ekstra viktig med fasteaksjon!

Verda har forandra seg sidan førre fasteaksjon. Krigar har brote ut, nauda har vakse – og samstundes har nokre av verdas største givarar kutta i bistanden.

Midt i denne uroa går vi igjen inn i denne fastetida no før påske - med fasteaksjonen som eit teikn på håp og framtid. Samstundes er dette eit krafttak for våre systrar og brør rundt omkring. Dette året er Zambia eksempelland, men nauda er stor verda over.

Gudsteneste for born i alle aldrar

Den 9. februar inviterte kyrkjelyden eit stort kull med born til gudsteneste i Bygland kyrkje. Det som mellom anna stod på programmet denne sundagen var utdeling av bok til 4- og 6-åringar.

Kjell Steinbru

Men fordi vi var komne litt på etterskot med desse utdelingane, så inviterte vi også 5- og 7-åringar til å kome.

Ei enkel lita gudsteneste

Trusopplæraren og presten hadde laga til ei enkel lita gudstenesta med variert program. Heilt i byrjinga av gudstenesta var borna med og bar lys i ein prosesjon mens kyrkjelyden song Store Gud vi lover deg. Etter det song vi ein liten song om at vi var glad for å sjå kvarandre. Teksten var veldig enkel, nemleg: «Eg blir så glad når eg ser deg».

Salmen Måne og sol, vindar og hav stod som vanleg på programmet når det er born med i gudstenesta. Den handlar om Gud som har skapt oss, om Jesus som har frelst oss og Den heilage Ande som trøyster oss.

Sidan det var ei gudstenesta for born, var det naturleg å gje ei gave til Norsk Søndagsskuleforbund.

Bygge Guds rike

Så var alle saman med og song Bygge Guds rike med enkle teikn til.

Gudstenesta vart avslutta med salmen La oss vandre i lyset liksom



Her står trusopplæraren Janne Theodora Wikstøl og sokneprest Kjell Steinbru saman med borna som fekk bok i denne gudstenesta. Framme frå venstre: Eivind Homme Bolstad, Aslak Lauvdal Austad, Tora Marie Haugen Uleberg, June Øina Vestøl. Nedst til venstre er Torjus Homme Bolstad, Annbjørg Haugen Uleberg, Anny Haugland Skomedal og til sist Sander og Christian Heistad Von Hafenbrædl.

Han er lys. Og mens vi song, vandra borna med og gjekk i prosesjon i kyrkja med tente lys.

Å sjå born vere med aktivt i ei gudstenesta er alltid fint, og det var nok nokre blanke auge i kyrkjebenkene i løpet av denne gudstenesta.

Da Jesus ei gong vart spurde om kven som er størst i Guds rike, så tok han fram eit lite barn og sa at om de ikkje blir som born, kjem de ikkje inn i Guds rike. Dei første skal bli dei siste, sa han òg.

Gospelgudsteneste og årsfest!



Søndag 23. mars var det gospelgudsteneste og Årsfest i fagre Åraksbø på ein solrik marsdag. Det var Evje og Hornnes Menighetskor som stod for gospelmusikken, med dirigent Thomas Stanghelle ved pianoet.

Tekst: Olav Nilsen
Foto: Janne Theodora Wikstøl

Først 9 songar i kyrkja og deretter 2 songar på Grendehuset. Og her svinga det så sindige Byglendingar både trampa takta, klappa i hendene, og gav stormande applaus mellom det eine glansnummeret etter det andre!

Sokneprest Kjell Steinbru leia gudstenesta med stødig hand, og tok attpå til sjansen på å la kyrkjeverja ha preika over søndagens tekst på Maria Bodskapsdag! Dei fleste laut jamvel å tykkja vel om dette og!

I tillegg til gospelkoret spela organist Eirik Hodnemyr på kyrkjeverjas medbragte el-piano så ljoskronene beint fram dirra i takt med den kraftfulle allsongen!

Til grendehuset

Etter halvannen times gospelguds-tjeneste bar det opp i Grendehuset til ein velsmakande kveldsmat.

I kyrkjeverjas andakt vart kvinnene framheva, og det same er på sin plass å nemne i samband med Grendehuset! For her var det Gro Tove Frafjord Sandnes, Ann Cecilie Andersen og Liv Sigrun Upsahl som hadde smørt og baka både kveldsmat og andre godsaker i store og velsmakande mengder.

Det står i Skrifta at Gud såg at

det ikkje er godt for mannen å vera åleine. Det er og i slike stunder ein bør vera han evig takksam for at han innså dette og skapte kvinna med alle hennar makelause evner!

Kyrkjeverja delte ut gåver både til dirigent Thomas Stanghelle og vår særslidende trusopplærar Janne Theodora Wistøl. Som alltid er det Åraksbøs store son Bjarne Nordgarden som står bak desse gåvene, denne gongen med ein flott påske-dekorasjon i tre!

Årsmeldinga

Sokneprest Kjell Steinbru las opp årsmeldinga for Bygland og Årdal sokn, og her var det mykje å gle seg over.

Gudstenestebesøket har teke seg monaleg opp frå 2023 til 2024, ikkje minst takka vere våre dugande soknerådsmedlemmer som har delteke både med kyrkjekaffi, kyrkjesuppe og endå til kyrkjekomper i året som har gått!

Det var ein glad, nøgd og takksam kyrkjelyd som la på heimveg etter ein gild ettermiddag og kveld i fagre Åraksbø!





Byglandsfjord barnekor

Jeg blir møtt på parkeringsplassen av en smilende dame som ønsker meg velkommen. Dette er ingen andre enn Else Norunn Greibesland. Hun, sammen med Anne Britt Lien har drevet barnekoret på Byglandsfjord sammen i 34 år, og har de siste årene hatt med seg Anne Britt sin svigerdatter Silje Lien.

Tekst: Janne Theodora Wikstøl

Silje er på piano, styrer playback og det tekniske med lyd og bilde, Anne Britt steller snacks, passer på at det er varme i lokalet og er en god leder for barna, mens Else er dirigent og har ansvar for andakten. Arbeidsfordelingen er god, og Else og Anne Britt forteller at de ikke kan huske å ha avlyst en

eneste øvelse, og etter å ha drevet barnekoret i alle disse årene, nesten vet hva den andre tenker, og arbeidet går så det suser.

Når jeg kommer inn i Bedehuset på Byglandsfjord møter jeg tre unge jenter som følger godt med mens kaffen til foreldrene traktes. En av disse tre er Kristin på 11 år som er med som hjelpeleder sammen med Karoline på 15 år. Disse gjør en fantastisk jobb med å guide barna til der de skal stå på scenen, dele ut kjeks og hjelpe dem med å finne en plass å sitte under andakten.

Barna gleder seg

På denne øvelsen er det 18 barn tilstede, og stemningen er god! Byglandsfjord barnekor møtes annenhver mandag, og de som jobber i barnehagen har fortalt at de merker på barna hvilken mandag det er barnekor, fordi barna gleder seg så. I Byglandsfjord

barnekor er det plass til barn i alle alder, og de ønsker seg enda flere medlemmer. Øvelsen begynner kl 17, og inni salen vrimler det av barn. Flere foreldre har satt seg ned i stolrekken som tilskuere med en kaffe kopp i hånda samtidig som barna finner veien opp til scenen der øvingen kan begynne.

Alle får sunget i mikrofonen

I den første sangen synger de "Det er så gøy, gøy, gøy å rope høyt høyt høyt, sammen med mine venner". De synger veldig høyt, og smiler bredt mens de synger. Det er tydelig at dette er en sang de kan og liker. I dette koret er både jentene og guttene solister, og mikrofonen blir sendt rundt slik at alle får sunget i mikrofonen. De synger den ene sangen etter den andre mens Silje gjør en fantastisk jobb med å spille piano, selv med datateren på fanget, samtidig som Else

dirigerer og snakker gjennom tekstene og bevegelsene som hører til hver sang.

Et tydelig kristent budskap

En ting som slår meg mens jeg hører barna synge for full hals er at alle sangene har et tydelig kristent budskap. Her synger barna om Jesus og Gud, om inkludering, og om glede. Det blir også delt en video av Jarle Waldemar der budskapet er at vi ikke skal sammenligne oss med andre, fordi alle er skapt med en hensikt og med evner og gaver som gjør hver enkelt unik. Etter videoen spør Else barna om hva de husker av det Jarle sa i videoen, og svarene kommer fort: "vi er forskjellige", "vi er skapt av Gud", "vi skal ikke sammenligne oss med andre". Det er tydelig at de har fulgt godt med underveis. Anne Britt og Else forteller meg senere at de tenker nøyne gjennom sangene og ønsker at de alle skal ha et kristent budskap, samtidig at etter søndagsskolen sluttet ser de på det som spesielt viktig å ha en liten andakt og dele om kristendommen. Disse damene gjør en fantastisk jobb med å utstyre barna med den tryggheten som kommer med evangeliet gjennom tydelige valg av sanger og andakter.

Fester og oppredener

I tillegg til å ha øvelser annenhver mandag, arrangerer barnekoret også foreldre fest, avslutningsfester, de opptrer på gudstjenester og basarer og skal til neste år ferie sitt 35 års jubileum. Etter et utrolig koselig besøk, ønsker jeg å oppfordre alle i området til å melde barna sine inn i Byglandsfjord barnekor og ta del i all gleden dette arbeidet bringer.

Inspirasjonskveld i Valle kyrkjestoge!

Fredag 21. mars var det duka for Inspirasjonskveld i Valle Kyrkjestoge! Tema for kvelden var «Kva gjev livsglede», og arrangør var styret i Prostidiakonisas arbeidet i Øvre Otredal.

Tekst: Olav Nilsen

Kvelden vart innleia med fagre stev og folketoner framført på både harpe, munnharpe og fele av norsk-amerikanske Maija Lindås. Deretter serverte Astid Nomeland og hennar gode hjelparar gryterett og andre godsaker i store mengder.

«Kva gjev livsglede»

Kyrkjeverje Olav Nilsen og emissær Magne Kjetså samtalte over temaet «Kva gjev livsglede». Førstnemnde hadde førebudd ei rekke spørsmål, men ein emissær og gravferdsagent som Magne

Kjetså er stort sett sjølvgåande, så det meste sveiv av seg sjølv utan innblanding!

Så det einaste kyrkjeverja fullt ut slapp til med var eit sjølvskreve hyldningskvad til kveldens heidersgjest med tittelen «Eg heiter Magne Kjetstå, og er så gjev ein kar!» Sjølvsagt inspirert av «Håvard Hedde».

Pianist og trumpetist Oddbjørn Stakkeland frå Kvinlog trollbatt i to bolker ein fullsett kyrkjesal med dei fagraste toner ein kan tenkja seg!

Oppglødd skald

Oppglødd av alt dette framførte Byglands eigen skald Svein Kleivane både dikt og songar så både han og takksame tilhøyrarar mest letta frå golvet!

Det sterkeste innslaget hadde khen Ragnhild Nomeland, som presenterte boka til mor hennar, Valborg Nomeland. Den heiter



Ragnhild Nomeland



Magne Kjetså



«Gå heim og ver lukkeleg» - skreve av ei kvinne som i svært ung alder fekk MS, og likevel klarte å leva kvar einaste dag i takksemd og glede. Slike historiar gjev verkeleg grunn til både undring og livsglede!

Heile samlinga vart leia med

stødig hand av vår kjære prostidiakon Åse Gudrun Thortveit.

Lovnaden gjekk i oppfylling

I annonsa hadde me skreve «Velkommen til ein kveld der du gjeng heimatt endå gladare enn då du kom! Etter stemninga å døma,

då kyrkjeverja, prostidiakonen, emissären og skalden sette seg i bilen på veg sørover att, er det all grunn til å meine at lovnaden i nemnde annonse i høgste grad gjekk i oppfylling denne flotte Inspirasjonskvelden i Valle kyrkje-stove!



Svein Kleivane



Oddbjørn Stakkeland



Maija Lindås

Eirik Hodnemyr - vår nye organ

I fjor haust hadde me ei kveldsgudsteneste i Bygland kyrkje saman med KVS Bygland. Eg vart sitjande rett framfor Gunnar Gautland frå Grendi.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Då pianisten spelte opp til felles-songen dunka Gunnar meg i ryggen og kriskra:

-Kven er denne dugande pianisten?

-Vår nye organist, svara eg.

-Kor i all verda har du fått tak i han? ville Gunnar veta.

-I Vennesla, svara eg som sant var.

For vår nye særsla dugande organist og pianist er ein ung mann frå Vennesla med det klingande namnet Eirik Hodnemyr.

Han er 24 år gamal, og framleis som berre "gutungen" å rekne, men tykkjест allereie å ha rukke meir enn mange av oss gjennom eit langt liv!

Oppvachsen på Kvarstein

Eirik er oppvachsen på Kvarstein der foreldra hans Helge og Toril Hodnemyr var ein del av forsamlinga på Kvarstein bedehus.

Der gjekk guten på Yngres, og allereie då han var i 10-årsalderen tok leiaren Gjermund Aas han til sides og sa på sitt uforfalska Venner-slamål:

- Nå ska mi bjønne å synge på Yngres, så då må du spele!

Dermed krabba Eirik opp på pianokrakken og spelte til "Måne og sol" - fyrist med ein finger. Så var det to og tre fingre, og snart begge hendene.

For mange år sia sat nokre unge damer på Røyknes bedehus og tala om ein songar som hadde vore der,



og som dei var svært begeistra for, då han både med mimikk og svingande fakter freista få fram den glade bodskapen.

- Ja, hjelpe og trøyste, sa ei av dei - han spelar og syng med heile seg!

Spelar med heile seg

Om Eirik spelar med heile seg er ikkje så godt å veta, og ikkje har eg spurd han heller.

Men det høyrest slik ut!

For det som slår ein er nemleg at Eirik alltid verkar svært avslappa. Så og denne dagen då han ligg henslengt i sofaen i stova mi og let seg intervju til Kyrkjebladet. Men skinnnet kan bedra, som dei seier!

Etter endt skulegang på Kvarstein skule tok Eirik vegen til Vennesla Vidaregåande skule. Her gjekk han linja for studiespesialisering, og fekk og med seg nokre økonomifag på kjøpet. Det kling godt i øyra for ein enkel landsens kyrkjeverje som i sitt tidlegare liv og har fuska litt med økonomiarbeid.

Samstundes engasjerte han seg stendig meir på musikkfronten -

etterkvart i stor grad i Vennesla Frikyrkje.

Der hamna og foreldra hans i stadig større grad - alle med stor breidd innan song og musikk.

Etter at det ikkje var meir å hente på utdanningsfronten i Vennesla, gjekk turen til Ansgarskulen i Kristiansand, der han tok ein 3-årig bachelor innan musikk. Der traff han og ei fager møy austanfrå. Ho heitte Benedikte Samseth, og då dei smidde seg i hymens lenker i fjar sumar, tok ho namnet Hodnemyr i tillegg. Ho er og svært musikalsk, og har allereie gledd kyrkjelyden i Bygland med felespel av beste merke!

Me vonar å høre meir til henne og etterkvart!

Reven med i politikken

Eirik vart tidleg reven med i politikken, og er allereie inne i sin andre periode i Vennesla kommunestyre - no og som Formannskapsmedlem og gruppeleiar i Vennesla Kr.F.

Medan han studerte hadde han

ist!

ei deltidsstilling som organist i Vegårshei, og før han kom til Øvre Otredal hadde han og vore organist i Greipstad og Finsland i 2 år.

Når eg spør om han speler fritt eller etter noter får eg sjølvsagt til svar: Både deler!

I tillegg kjem det fram at han vel eigentleg hugsar dei aller fleste songane i hovudet etter å ha spelt dei etter noter ein gong!

Men hugsen strekk seg lenger enn til musikken syner det seg, då han røper at han eigentleg kan nummera på alle fylkesvegar i Agder.

Eller namnet på alle verdas hovedstader. Namn og høgde på ulike fjelltoppar i verda har han visst og lagra i "Geografi-minnet" sitt.

Samstundes verkar Eirik å vera en særslig sosial kar, som både er flink med og glad i menneske.

Det er jo ein særslig god eigenskap i tillegg til det musikalske, og kan hende eit resultat av den gode bondelufta på Kvarstein - der dei som bur nærmast bygrensa talar det breiaste Venneslamålet.

Prosjektkoret og demenskoret

Eirik er også med og spelar i "Prosjektkoret" i Vennesla kyrkje, og i "Demenskoret" i heimkommunen sin.

Når han så fortel at han mange sundagar rekk opptil 3 organistoppdrag spreidd rundt om i prostiet, skjønar ein at dette fram-

leis er ein ung mann i sine beste år!

Eirik fortel at han trivst knakande godt både i Bygland, Valle og Bykle!

I gamle dagar kalla dei emissær Severin Tobiassen frå Birkeland for "Setesdalens apostel".

Det spørst om det ikkje allereie no er grunnlag for å kalla Eirik Hodnemyr for "Setesdalens musikalske apostel"!

Og vert han køyrande fram og attende i fagre Setesdal og spela like lenge som Severin Tobiassen traska fram og attende i dalen for å tale, er det von for framtida!

Me ønskjer Eirik Hodnemyr Guds rike signing over alle hans musikalske velgjerningar, og for eit langt musikalsk liv i Øvre Otredal!



Gudsteneste palmesundag

Tekst: Knut Gakkestad

Palmesundag er i år 13. april. Dette er svært seint, men så sant ver og føre tillet det vert det friluftsgudsteneste ved Hovassdammen.

Det er viktig at ein samarbeider om transporten for at det skal bli så få skoterar som mogeleg.

Prest denne dagen er Kjell Steinbru, og organist er Erik Hodnemyr.

Fra Haugetveit er det fullt mogeleg å gå til fots opp til dammen.

Me tek med bålpanne slik at ein kan grille mat ein hev med seg, og varme seg ved bålet. Bålkaffi høyrer og med.

Dersom det er ulageleg ver og føre vert gudstenesta i Sandnes kyrkje kl. 12.

Vel møtt til fellesskap!



Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

Søndag 13.april

Palmesøndag

Hovatn ved Åraksbø kl.12.00

Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketekst: Johannes 12, 1-13 Jesus blir salva i Betania

Takkoffer til Åpne Dører

Skjærtorsdag 17.april

Årdal kyrkje Grendi kl.11.00

Skjærtorsdagsgudsteneste ved Kjell Steinbru

Nattverd

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketekst: Johannes 13, 1-17 Jesus vaskar føtene til læresveinane

Takkoffer til Det Norske Misjonsskap

Langfredag 18.april

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00

Langfredagsgudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketekst: Lukas 22,39 - 23.46
Lidingssoga
Takkoffer til Den Norske Misjonsallianse

1.påskedag 20.april

Bygland kyrkje kl.16.00

Høgtidsgudsteneste ved Kjell Steinbru
Nattverd

Organist: Eirik Hodnemyr

Vonheimkoret syng

Preiketekst: Johannes 20, 1-10 Den oppstadne

Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon

Søndag 4.mai

3.søndag i påsketida

Bygland kyrkje kl.18.00

Samtalegudsteneste med konfirman-
tane ved Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketekst: Markus 6, 30-44 Jesus mettar femtusen

Takkoffer til Normisjon

Laurdag 17.mai

Bygland kyrkje kl.11.00

17.mai-gudsteneste ved Tom Martin Berntsen

Bygland Hornmusikk

Preiketekst: Lukas 17, 11-19 Den takk-
same Samaritanen

Takkoffer til Frelsesarmeene

Søndag 25.mai

6.søndag i påsketida

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.11.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketekst: Matteus 6, 7-13 Herrens bøn

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Laurdag 31.mai

Bygland kyrkje kl.11.00

Årdal kyrkje Grendi kl.13.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Oddbjørn Stakkeland

Preiketekst: Matteus 6, 7-13 Herrens bøn

Søndag 15.juni

1.søndag i treeiningstida

Gudsteneste på Tveitå kl.12.00 ved
Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketekst: Lukas 24, 45-48 Oppdrag
og avskil

Takkoffer til Normisjon

Søndag 6.juli

4.søndag i treeiningstida

Friluftsgudsteneste på Austadneset
kl.16.00 ved Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketekst: Matteus 9, 35-38 Grøda
er stor

Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon

Kvittering

Innbetal til konto

2898 20 05630

Betningsinformasjon

Gåve til
Kyrkjebladet



Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Underskrift ved girering

Betalings-
frist

Betal til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
v/økonomiavd. Bygland kommune
4745 Bygland

Belast
konto

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Kvittering
tilbake

Blankettnummer

< 2898 20 05630 > <6530865305>

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Olav Morten Heggland,
født 15.09.1955, død 24.11.2024
Jorunn Lande,
født 07.11.1938, død 06.12.2024
Ingebjørg Haugå,
født 31.03.1930, død 10.12.2024
Hallvard Bratteland,
født 02.06.1932, død 27.01.2025

Bodil Voreland,
født 20.06.1943, død 07.03.2025
Glenn Sordal,
født 24.02.1970, død 07.03.2025
Anne O. Vollen,
født 21.01.1936, død 14.03.2025

Kyrkjelydene i Bygland

Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: 379 34 700
Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no
www.facebook.com/Byglandskyrkjene

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: 473 28 472
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: 982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes
Mobil: 950 41 185
E-post: gro.tove74@gmail.com

Nestleiar: Susanne Hegenscheidt

Mobil: 941 74 761
susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist

Hans Jurgen Wiehe..... 915 47 804
Eirik Hodnemyr (eige firma)
Mobil: 975 69 885
E-post: eirik@hodnemyr.no

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. 462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane 977 74 321

Reinhaldarar

Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Gro Tove Frafjord Sandnes
(Sandnes) 950 41 185
Kari Aud Bakke Svenningsen
(Årdal) 911 80 315

Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit ... 916 85159
E-post: aasegudrun@hotmail.com

Trusopplærar

Janne Theodora Wikstøl .. 901 21906
E-post: janne.wik@icloud.com

Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1955

Fra kyrkjebøkene.

Døypete.

25. desember. Bygland kyrkje: Gunstein Vollen, f. 7. november. Foreldre: Løyntant Ommund Gunnarson Vollen og kone Elli, f. Skomedal.
26. desember. Austad kyrkje: Sigrunn Heggland, f. 5. november. Foreldre Fabr.arb. Olav Skjølluvson Heggland og k. Asgjerd, f. Dåsvatn.
30. januar. Årdal kyrkje: Anna Langerak, f. 23. november. Foreldre: Sagarb. Gunnar Sørensen Langerak og k. Borg-hild Olivia, f. Hannevik.
25. februar. Austad kyrkje: Lillian Vådahl, f. 30. januar. Foreldre: Fabr.arb. Harry Vådahl og k. Mari, f. Sordal.
6. mars. Austad kyrkje: Tone Heistad, f. 22. januar. Foreldre: Bonde Olav B. Heistad og k. Jorid, f. Faremo.

Avtidne.

2. desember: Enkje Kristi Rysstad, f. 2. juni 1880.
12. desember: Målar, gbr. hv. Niklos Torjussen Rysstad, f. 31. januar 1875.
12. desember: Sagbr.arb. Alf Bjørgulvson Bakke, f. 8. oktober 1922.
21. desember: Arb. hv. Tårond Bakke, f. 16. februar 1865.
27. januar: Musikar Aamund Olavson Krossen, f. 16. august 1921.
14. februar: Enkje, gbr. hv. Eli Skomedal, f. 16. august 1864.
17. februar: Hushjelp Siri Gj. Austad, f. 2. mai 1909.
18. februar: Gbr. og postopnar, enkje Torbjørg Nordgarden.

Vigde.

17. desember: Mikkjel Olavson Neset og Torbjørg Gjerden, Bykle. Vigde i Domkyrkja i Kristiansand.
18. desember: Jørund Kristenson Dale, Byglandsfjord, og Agnes Ingeborg Jespersen, Aarhus, Danmark.
31. desember: Henrik Gunnar Sveindal og Birgit Sveindal, bære Grindheim.

Konfirmantar.

- I Austad kyrkje:
Torgerd A. Langeid
Anne G. Austad
Birgit D. Tveit
I Bygland kyrkje:
Ingvald G. Sandaker
Gerd Nomeland
Solveig G. Vollen
Torbjørg P. Sandnes

Sokneråda i Bygland.

Ardal sokneråda har vald Nere Langerak til formann for 1955. Til varaformann er vald Anne Hovet.
Sandnes sokneråda har gjort desse vala: Til formann Hallvard Eldhuset og til varaformann Knut Nordenå.

90 år.

Denne gongen sender vi ei serskild helsing til Sigurd Halvorsen Eldhuset, Byglandsfjord, som vil fylle 90 år den 5. mai, dersom han lever so lenge. — Guds rike signing over dine dagar!
Sidan Eli Skomedal fekk ferdabodet (14. februar), er det altså du, Knut Heggland som har æra av å vera den eldste i prestegjeldet.

KONGEGÅVA

Det var ei stor glede for oss at folkegåva til Håkon VII, i høve av hans 50 års jubileum som Noregs konge, skulle bli ei norsk sjømannskyrkje i København.
I Austad kyrkje var det ofring til Kongegåva under fastemessa den 25. februar. Og mange var dei som den kvelden la sitt ofre på altaret. Hjarteleg takk til Austad kyrkjelyd!

Av preikelista vil ein sjå når det skal vera ofringar i dei andre kyrkjene.

Varmeinnlegg i kyrkjene.

Det er nå installert varmeinnlegg i Austad kyrkje. Det vart teki i bruk under fastemessa. Alle let vel over kor lunt det var i kyrkja no. Det er tydeleg at dei som har teki på seg arbeidet, Aslak Austad og Torlus Heistad, gjer godt arbeid.


I Bygland kyrkje vil varmeinnlegget vera ferdig til fastemessa, som vi skal ha den 18. mars.

I Araksbø vil vi kunne take det i bruk Palmesundag.


Ardal kyrkje vil og få elektrisk varmeinnlegg. Men det lyt stå ut til seinare, då det var mest presserande å få nyt ljosinnlegg der, sidan det gamle var i dårleg stand.

Vi vil gjerne få rette ein varm takk til Bygland heradstrye for den velvilje som det har synt gjennom det store lyftet som det har teki til beste for kyrkjene våre, so mykje meir som det er gjevi tilsegn om at dei kyrkjene som no får varmeinnlegg, i neste omgang vil få innlagt elektrisk ljós.

Bladstyrar: SIGURD ROE
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand



Avgående: Kyrkjebladet for Bygland
v/Olav Nilsen
Skisland 28, 4715 Øvrebo



Vårloysing i Fiskebekken - Foto: Frank Egil Reise